



Janicke Moldekleiv
Holmeknappen 27 B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3466 - 20/19965

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
17.04.2020

Ferdigattest - 2 bustader i rekkje gbnr 310/160 Holme

Administrativt vedtak. Saknr: 418/20

Tiltakshavar: Knut-Einar og Janicke Moldekleiv, Trond Hofland og Beathe Andersen

Ansvarleg søkjar: Byggmester Trond-Ove Rikstad

Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for 2 bustader i rekkje på gbnr 310/160 seksjonar 1-2.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak DS 247/13 i saka 2012001323, datert 20.06.13. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Seinare vart det gitt endringsløyve for plassering av 2 bustader i rekkje i sak 20/3466 DS 129/20 den 31.01.20.

Det vert elles vist til søknad om ferdigattest, motteken 03.02.15 og supplert 31.01.20.

Skildring

Adresse:	Holmeknappen 27A-B 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	To bustader i rekkje

Bygningsnummer:	300379036 og 300379056
Bruksareal:	235,5 m2 per bueining
Avlaup:	Privat utslepp- slamavskiljar
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	2

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/3466

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Janicke Moldekleiv	Holmeknappen 5918 27 B	FREKHAUG
Knut-Einar Moldekleiv	Holmeknappen 5918 27 B	FREKHAUG
Trond Hofland	Holmeknappen 5918 27 A	FREKHAUG